

Definisjon av akseptkriteria til Fusa kommune

Risiko er ein funksjon av sannsyn x konsekvens. Akseptkriteria er vedteke i Fusa kommunestyre 25.09.2014 og skal leggest til grunn ved utarbeiding av ROS- analyser for arealplanar i kommunen.

Definisjon av sannsyn:

Sannsynleg	vekt	Definisjon
Svært sannsynleg	6	Ei hending oftare enn kvart 2. år
Mykje sannsynleg	5	Ei hending per 2 – 20 år
Sannsynleg	4	Ei hending per 20 – 200 år
Noko sannsynleg	3	Ei hending per 200 – 1000 år
Lite sannsynleg	2	Ei hending oer 1000 – 5000 år
Usannsynleg	1	Inntreff aldri eller sjeldnare enn kvart 5000. år

Definisjon av konsekvens:

Konsekvens	Menneske (Liv og helse)	Miljø (Jord, vatn, luft)	Materielle verdiar (Økonomiske tap)
Ufarleg 1	Ingen personskade	Ingen miljøskadar el. Forureining av omgjevnadane	Små eller ingen skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skade under 10.000,- /prod.stans under 1 veke
Ein viss fare 2	Få og små personskader, korte sjukefråvær	Mindre skadar på miljøet som vert utbeta etter relativt kort tid	Mindre lokalskade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar under 100.000,- / Prod.stans under 3 veker
Farleg 3	Få, men alvorlege personskader. Maneg indre personskader(meir enn 10)	Miljøskadar av stort omfang, m/middels alvor og/el. Skadar av lite omfang m/ høgt alvor	Alvorleg skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar begrensa opp til 1. mill. /Prod. Stans over 3 veker.
Kritisk 4	Opptil 2 døde, og/eller 5 alvorleg skade, og /eller opp til 10 evakuerte	Store og alvorlege miljøskadar	Tap av og/eller kritisk skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skade opp til 10.mill. /prod.stans i over 3 mnd.
Katastrofalt 5	Meir enn 2 omkomne og/eller meir enn 5 skadde, og/eller meir enn 10 evakuerte	Langvarig, i verste fall varig alvorleg skade på miljøet	Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skade for over 10.mill /prod.stans over 1 år.

Definisjon av risiko i grøn, gul og raud kategori i ROS matrisa:

Konsekvens \ Sannsyn	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	Kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynleg	Yellow	Yellow	Red	Red	Red
Mykje sannsynleg	Green	Yellow	Yellow	Red	Red
Sannsynleg	Green	Green	Yellow	Red	Red
Noko sannsynleg	Green	Green	Green	Red	Red
Lite sannsynleg	Green	Green	Green	Yellow	Red
Usannsynleg	Green	Green	Green	Yellow	Yellow

For hendingar som endar opp med høg risiko (raud kategori) er det krav om tiltak. For dei hendingane som endar opp med middels risiko(gul kategori), skal tiltak vurderast ut i frå ein kost-nyttevurdering. For hendingar med låg risiko(grøn kategori), kan opplagte risikoreducerande tiltak settast inn.

Kva type arealbruk som er tenkt er av betydning for kva konsekvens, og dermed kva risiko ei mogleg hending får. Til dømes er det mindre sannsynleg med dødsfall som følgje av brann i eit naust enn i ein bustad. Tiltak skal innarbeidast i eventuelle planframlegg, som krav i føresegnene og/eller som omsynssone i plankartet. Tiltak som reduserer sannsynet skal vurderast først. Om dette ikkje gir effekt eller er mogleg, skal tiltak som avgrensar konsekvensane vurderast.